



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar: Adelin Hanstveit
Hjellevik
Vår: 20/8069 - 22/32660

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
27.04.2022

Godkjenning av personleg ansvarsrett - gbnr 196/69 Midtgård

Administrativt vedtak: **Saknr: 471/22**
Tiltakshavar: Terje Tredal
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-8, jf. forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8, godkjenner kommunen tiltakshavar Terje Tredal sin søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for prosjektering og utføring av tømrrar- og betongarbeid på eigen garasje på gbnr 195/171.

Endringa medfører at ansvarsområdet PRO og UTF tømrrararbeid, der føretaket Totlandsdal Bygg AS har erklært ansvarsrett, og ansvarsområdet PRO og UTF betongarbeid, der føretaket Gustav Baarøy AS har erklær ansvarsrett, berre gjeld bustaden.

Tiltak

I samband med søknad om mellombels bruksløyve for godkjend tiltak på eigedomen gbnr 196/60, er det søkt om endring av ansvarsrett for tømrrar- og betongarbeid. Tiltakshavar Terje Tredal søker om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for prosjektering og utføring av tømrrar- og betongarbeid for garasje. Han har sannsynleggjort nødvendig kompetanse ved eiga utdanning og/eller praksis.

Endringa medfører at ansvarsområdet PRO og UTF tømrrararbeid, der føretaket Totlandsdal Bygg AS har erklært ansvarsrett, og ansvarsområdet PRO og UTF betongarbeid, der føretaket Gustav Baarøy AS har erklær ansvarsrett, berre gjeld bustaden.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 11.04.2022.

VURDERING

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden om personleg ansvarsrett for arbeidsområdet PRO og UTF tømrrar- og betongarbeid for eigen garasje vert godkjend.

Det vert elles vist til oppdatert gjennomføringsplan versjon 5 datert 08.04.2022.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/8069

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arkoconsult AS
Terje Tredal

Postboks 103
Leknesvegen 134

5291 VALESTRANDSFOSSEN
5915 HJELMÅS